



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Paal Christopher Breivik, 5557 2024

Vår dato
09.09.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/11720
Dykkar referanse

Fylkeskommunane
Oslo kommune

Forslag til budsjett 2018, opplæring innanfor kriminalomsorga

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, ber om at fylkeskommunane/Oslo kommune sender budsjettframlegg for opplæring innanfor kriminalomsorga for år 2018. Særleg ber vi om at det blir gjort nærare greie for større utvidingar av eksisterande tilbod, eller for nyetableringar som krev tilleggsressursar ut over tidlegare godkjent ramme.

Vi ber også om at det blir gjort greie for endringar i fengsla/oppfølgingsklassane som gjer at undervisningsverksemda blir endra, redusert eller lagt ned. Fylkesmannen i Hordaland ber fylkeskommunane om å ta leiinga i kriminalomsorga med i planlegging og drøfting av undervisningstilboda og ressursane som det blir søkt om. I samband med dette viser vi til Rundskriv G-1/2008 om «Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen».

Når det gjeld prinsippa som er lagt til grunn for fordeling av ressursar viser vi til tilskotsordninga for opplæringa innanfor kriminalomsorga og til tidlegare tildelingsbrev, mellom anna førebels tildelingsbrev dagsett desember 2015. Vi vil be fylkeskommunane/Oslo kommune vere særleg merksame på retten unge og vaksne har til vidaregåande opplæring, til realkompetansevurdering, til fornya grunnskoleopplæring og rett til spesialundervisning. Det samla budsjettframlegget frå fylkeskommunen må vera Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, i hende seinast 1. desember 2016. Innspelte budsjett frå dykk vil Fylkesmannen i Hordaland dra nytta av i vår budsjettdialog med Udir og KD.

Med helsing

Anne Hjermand
utdanningsdirektør

Paal Christopher Breivik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Utdanningsdirektoratet	Postboks 9359 Grønland	0135	OSLO
Kriminalomsorgsdirektoratet	Postboks 694	4305	SANDNES